

Stortingets finanskomite  
Karl Johansgt 22  
0026 Oslo**Synspunkt på forslag til statsbudsjett for 2017**

Det viktigaste målet med all økonomisk politikk er å halda folk i arbeid. Høg sysselsetting gir vekst i økonomien og færre blir avhengig av stønader frå det offentlege. Arbeid er verdifullt for den enkelte og for samfunnet.

Det er uvisse om kor stor den faktiske arbeidsløysa er i Norge. Arbeidsløysetalala spriker mellom det som er registrert arbeidsløysa og det som blir registrert gjennom spørjeundersøking i SSB. Uansett sprik, gir tala grunn for uro. Arbeidsløysa har vore veksande dei siste åra, og ho ser ut for å bita seg fast på eit altfor høgt nivå. Og ser ein på enkelte yrkesgrupper er skilnaden mellom det som er registrert arbeidsløysa og det som kjem fram gjennom SSB sine spørjeundersøkingar ikkje så stor. Den registrerte arbeidsløysa både innanfor industrien og innanfor bygg og anlegg er nærare 5 prosent. Over 20 000 arbeidarar innanfor desse to sektorane er registrerte som heilt ledige. I tillegg kjem dei som er permitterte og dei delvis ledige.

Statsbudsjettet gir ikkje eit godt nok svar på denne utfordringa. Sysselsettingspakka på 4 milliardar kroner er vel og bra, men ho er både for liten og for svakt målretta. Vi stiller til dømes spørsmål kva kortsiktig effekt det har på sysselsettinga å gje utsetjing på betaling av formuesskatten på over 1/2 milliard kroner for eigarar av verksemder som går med reknskapsmessig underskot.

Vi meiner pakka burde vore større – truleg 2-3 milliardar større. Den bør innehalda opp mot 3 000 fleire ordinære arbeidsmarknadstiltak. I budsjettet blir tiltaka berre vidareført frå dagens nivå. Det bør avsetjast meir midlar for informasjon og tilrettelegging for bedrifter som kan gjera seg nytte av midlar til bedriftsintern opplæring. Det bør setjast av meir midlar til vedlikehald og rehabilitering av offentlege bygg. I tillegg bør det også vera midlar til fleire attføringstiltak og til plassar for varig tilrettelagt arbeid (VTA). Budsjettforslaget medfører en faktisk reduksjon i VTA-plassar på 250 samanlikna med dagens nivå.

Vi er glade for signalet i budsjettet om at regjeringa vil slå saman og framskunda bygginga av nye kystvaktfartøy. Vi er også glade for at regjeringa slår fast at bygginga av omsyn til nasjonal tryggleik skal reserverast norsk industri. Men dette hjelper ikkje den industrien som treng ordrar i dag og i nær framtid. Saka skal først leggjast fram for Stortinget våren 2018. Dette er for seint. Det bør derfor i budsjettet for 2017 setjast av 30 mill kroner til ein design- og utviklingsfase mellom Forsvaret og norsk industri.

Vi stiller oss undrande til regjeringa sitt forslag om å fjerna startavskrivningane for maskiner og utstyr (saldogruppe D). Vi forstår ikkje at dette skal fjernast i ein situasjon der industrien står midt oppe i store utfordringar med omstilling og i møte med ein tøffare internasjonal konkurranse. Å fjerna avskrivninga gjer investeringar i nytt utstyr og ny teknologi dyrare for norsk industri og næringsliv.

Fellesforbundet er glad for skatteforliket. Det gir grunnlag for eit forutsigbart og framtidsretta skatteregime. Vi er derfor også einig i reduksjonen i selskapsskatten som eit viktig bidrag til omstilling og vekst i norsk økonomi. Regjeringa føreslår å auka særskatten på vasskraft med 1,3 prosentpoeng for å unngå at vasskraftbransjen får fordel av den reduserte selskapsskatten. Ifølge NVE trengst det 50 milliardar kroner fram mot 2030 til rehabilitering av eksisterande kraftverk berre for å oppretthalda teknisk tilstand på eksisterande anlegg. Ifølge vasskraftbransjen fører dagens skattesystem til at fleire titals prosjekt innan rehabilitering, opprusting og utviding av vasskraftverk vert utsette eller skrinlagde. Dette skjer trass i at prosjekta er samfunnsøkonomisk lønsame. Fellesforbundet er uroa for investeringslysta i ei tid der det elles er brei semje om at investeringar i ein grønare økonomi er ønskeleg. Fellesforbundet ber derfor om at komiteen i behandlinga av statsbudsjettet vurderer om ein auke i friinntekta/skjermingsfrådraget i grunnrenteskatten for vasskraft kunne vera eit effektivt verkemiddel for å dempa effekten for dei mest utsette vasskraftprosjekta.

Når vi korrigerer for løyvinga til nytt isgåande forskingsfartøy er forskingsbudsjettet ikkje så ekspansivt som det har blitt framstilt. Det er bra at tiltakspakkane til satsingar som Demo 2000, BIA og Forny er føreslått vidareført. Vi hadde likevel forventa ein framleis vekst i satsinga på næringsretta forskning og innovasjon. I ein periode med stor uro i næringslivet, framleis tap av arbeidsplassar og der det er eit sterkt behov for omstilling, er forbundet uroa for at satsingane på næringsretta forskning, utvikling og innovasjon blir tatt ned for raskt. Budsjettforslaget er for svakt på digitalisering/IKT-satsing og miljøteknologiordninga i Innovasjon Norge burde vore høgre. Det er bra at det er føreslått å auka løyvinga til BIA (brukarstyrt innovasjonsarena), men søknadsmassen er svært stor og løyvinga burde derfor vore større.

Sosial dumping og arbeidslivskriminalitet tar dessverre ikkje slutt trass i mange målretta tiltak. I ein slik situasjon synes vi det er underleg at løyvingane til både Arbeidstilsynet og Petroleumstilsynet reelt blir kutta. Dette uvesenet i norsk arbeidsliv kan ikkje berre bekjempast gjennom kontroll. Det viktigaste er å bevare å styrkja det organiserte arbeidslivet og den norske modellen. Men tilsyn er også nødvendig. Vi ber derfor komiteen om i det minste å sikra realnivået på løyvingane til tilsyna.

Vi er skuffa over at regjeringa framleis går inn for å skattleggja sluttvederlag. Sluttvederlag går til i all hovudsak eldre arbeidstakarar som har mista arbeidet sitt. Mange av dei har større utfordringar med å få seg nytt arbeid. Dei burde kunne få behalda dette vederlaget utan å måtte skatta for det.

Med venleg helsing  
**Fellesforbundet**

Jørn Eggum

Norvald Mo